HORDALAND
FYLKESKOMMUNE
Fylkesrådmannen
**Informasjonstenesta**
5020 Bergen
Telefon 55 23 99 42
Telefaks 55 23 99 49

# Pressemelding

Bergen 27. april 2009

## Fire selskap vil køyre buss i Bergen sør og Os

**Følgjande fire selskap har i dag levert inn tilbod for å få køyre buss i Fana og Ytrebygda i Bergen og i Os:**

- **Fjord 1 Partner AS**
- **Nettbuss Drammen AS**
- **Norgesbuss AS**
- **Tide Buss AS**

Prisen i dei innleverte tilboda varierer frå 149,5 mill. kr til 189,3 mill. kr pr år.

Vinnaren av anbodskonkurransen vil bli kåra ut i frå ei vurdering av tildelingskriteria pris, kvalitet og miljø. Etter planen vil tildeling av kontrakt bli gjennomført i slutten av mai.

Konkurransen om kven som skal køyre buss i Fana, Ytrebygda og Os i perioden 1. mai 2010 til 30. april 2017, vart lyst ut av fylkeskommunen ved Skyss 20. februar i år. Det utlyste anbodet omfattar også matebussystemet til Bybanen.

Den utlyste rutepakka har eit omfang på om lag 189 000 rutetimar pr. år og omfattar all rutetransport inkludert skuleskyss. I utlysinga stiller vert det stilt krav om bussar som er universelt utforma (mellom anna lågt innsteg/golv som gjer det lettare og raskare å gå av og på bussen).

Bergen sør og Os er det sjuande området der busskøyringa vert konkurranseutsett i Hordaland.

Skyss er Hordaland fylkeskommune sitt selskap for å planlegge, kjøpe og marknadsføre kollektivtransport på buss, båt og bane.

**Kontaktpersonar:**
Torill Selsvold Nyborg, fylkesordførar – telefon 915 22 733 / 55 23 90 11

Gustav Bahus, leiar av Samferdselsutvalet i Hordaland fylkeskommune: telefon 415 52 100

Oddmund Sylta, direktør i Skyss: telefon 932 30 401 / 55 23 93 94